

VINDAFJORD KONTROLLUTVAL**MØTEINNKALLING**

Dato: onsdag 9. september 2020
Tid: kl. 15.00
Stad: Vindafjord Rådhus, Ølen

Forfall melder du til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 959 86 977
eller på e-post: post@kontrollutvalgene.no

Ved forfall blir varamedlemer innkalla særskilt. Medlemer som meiner seg ugilde, må gi melding om dette slik at varamedlemer kan innkallast. Sakskartet vil bli lagd ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off.l.*, blir berre sende til medlemer/varamedlemer.

Rådmann er invitert i sakene 18-19

SAKLISTE:

- 16/20 Godkjenning av protokoll frå møte 16.06.20**
- 17/20 Referat- og orienteringssaker 09.09.20**
- 18/20 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport – «Rus- og psykiatritenesta»**
- 19/20 Orientering frå administrasjonen – v/rådmannen**
- 20/20 Arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2020-2024 – presentasjon av risiko- og vesentlegvurderingar og prioritering av prosjekt**
- 21/20 Budsjett 2021 - kontrollarbeidet i kommunen – kontrollutvalet sitt framlegg**
- 22/20 Revisor si egenerklæring for 2020**
- 23/20 Handsaming av innspel til kontrollutvalet**
- 24/20 Val av revisjon frå 01.07.21– konkurransebasert eller interkommunalt samarbeid**

Ymse

Ølen/Aksdal, 02.09.20

Kristian H. Risset (sign.)
Kontrollutvalsleiar

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Rådmann (er invitert i sakene 18-19)
Varamedlemer (til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	09.09.20	16/20

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 16.06.20

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå møtet i Vindafjord kontrollutval 16.06.20 blir godkjent slik han ligg føre.

Saksvedlegg: Protokoll frå møte 16.06.20

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 16.06.20 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og er oversendt kommunen slik han ligg føre. Det er ikkje komme merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen godkjennast formelt i dette møtet, og utvalsleiar eller evt. møteleiar vil så signere protokollen.

Aksdal, 02.09.20

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

VINDAFJORD KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Tysdag **16. juni 2020** blei det halde møte i Vindafjord kontrollutval under leiing av utvalsleiar Kristian H. Resset.

MØTESTAD: Vindafjord Rådhus, formannskapssalen og Teams

MØTESTART-MØTESLUTT: Kl. 15.00 – kl. 16.00

MØTANDE MEDLEMER: Kristian H. Resset (BBL), Olaug Mari Øen (Sp), Anne Tone Salte Andersen (H) og Eivind Hetland (Krf),

FORFALL: Knut Severin Berge (Frp) – kort varsel

MØTANDE VARAMEDLEMER: Ingen

FRÅ SEKRETARIATET MØTTE: Utvalssekretær/rådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS

FRÅ REVISJONEN MØTTE: Rekneskapsrevisor Else Holst-Larsen – Deloitte AS, på Teams t.o.m. sak 14

FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE: Ingen

ANDRE SOM MØTTE: Ingen

MERKNADER TIL INNKALLING: Ingen

MERKNADER TIL SAKLISTE: Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 11/20 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 27.05.20

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 27.05.20 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 16.06.20:

Utvalet hadde ingen merknadar til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.06.20:

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 27.05.20 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 12/20 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER

- 22. Statusrapport pr. juni 2020
- 23. Oversikt over kostnadene til kontroll og tilsyn så langt i 2020
- 24. Innkalling til representantskapsmøte i Haugaland Vekst IKS 12.06.20
- 25. Medlemsinformasjon mai 2020 – frå FKT

Handsaming i kontrollutvalet 16.06.20:

Leiar orienterte om referatsakene. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.06.20:

Referatsaker 22 – 25 blir tatt til orientering.

SAK 13/20 REGLEMENTET TIL KONTROLLUTVALET – ENDRINGAR ETTER NY KOMMUNELOV

Sekretariatet si innstilling:

Vindafjord kommunestyre vedtek å oppdatere reglementet for Vindafjord kontrollutval som følge av ny kommunelov. Reglementet blir endra i samsvar med vedlagt reglement (med tillegg/endingar).

Handsaming i kontrollutvalet 16.06.20:

Leiar innleia og gjorde greie for bakgrunnen for saka. Medlemmene uttrykte at dei var nøgd med oppsettet av nytt og gammalt reglement i vedlegg, som gjorde at det var lett å sjå endingane. Utvalet hadde ingen merknader til innhaldet.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.06.20 og innstilling til kommunestyret:

Vindafjord kommunestyre vedtek å oppdatere reglementet for Vindafjord kontrollutval som følge av ny kommunelov. Reglementet blir endra i samsvar med vedlagt reglement.

SAK 14/20 PLAN FOR ORIENTERINGAR OM RESULTAT-OMRÅDA OG STABSFUNKSJONANE

Sekretariatet si innstilling:

Vindafjord kontrollutval vedtek følgjande plan for orientering om resultatområda og stabsfunksjonane:

Møtet 09.09.20	administrasjonen v/rådmann
Møtet 04.11.20	oppvekst v/kommunalsjef Eide
1. møte 2021	helse og omsorg v/kommunalsjef Gjerdevik
2. møte 2021	økonomiavd. v/økonomisjef Bang
3. møte 2021	personal- og organisasjonssjef v/Dahle
4. møte 2021	samfunnsutviklar v/kommunalsjef Sandvik

Tidsramma vert sett til 30 - 40 min. inkludert spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista over kommunale leiare er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

Handsaming i kontrollutvalet 16.06.20:

Leiar gjorde greie for saka. Utvalet slutta seg til framlegget og rekkefølgja for orienteringane slik det var lagt fram. Medlemmene var samde om å lage nokre felles spørsmål i neste møte, som så vert sendt til kommunalsjefane i forkant av orienteringane. Medlemmene blei også samde om å sende inn spørsmål til sekretariatet før neste møte 09.09.20.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.06.20:

Vindafjord kontrollutval vedtek følgjande plan for orientering om resultatområda og stabsfunksjonane:

<i>Møtet 09.09.20</i>	<i>administrasjonen v/rådmann</i>
<i>Møtet 04.11.20</i>	<i>oppvekst v/kommunalsjef Eide</i>
<i>1. møte 2021</i>	<i>helse og omsorg v/kommunalsjef Gjerdevik</i>
<i>2. møte 2021</i>	<i>økonomiavd. v/økonomisjef Bang</i>
<i>3. møte 2021</i>	<i>personal- og organisasjonssjef v/Dahle</i>
<i>4. møte 2021</i>	<i>samfunnsutviklar v/kommunalsjef Sandvik</i>

Tidsramma vert sett til 30 - 40 min. inkludert spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista over kommunale leiare er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

SAK 15/20 SAMHANDLINGA MELLOM MEDLEMMENE I UTVALET**Sekretariatet si innstilling:**

Vindafjord kontrollutval har drøfta korleis samhandlinga mellom medlemmene i utvalet skal vera. Utvalet har kome fram til følgjande:.....

Handsaming i kontrollutvalet 16.06.20:

Leiar innleia om bakgrunnen for saka. Medlemmene drøfta korleis arbeidet i utvalet skulle organiserast, også mellom møta. Det er berre medlemmene som sit i kommunestyret som har installert politikarportalen. Leiar meinte det burde vera meir informasjon om kontrollutvalet på kommunen si heimsida, og ikkje berre på sekretariatet sine sider.

Sekretær opplyste at kontrollutvalet i Suldal hadde vedtatt retningslinjer for handsaming av innspel til kontrollutvalet. Medlemmene var samde om at det kunne vera nyttig å få meir informasjon om Suldal sine rutinar, og ønskte at sekretæren orienterer om dette i neste møte.

Utvalet blei samd om at alle innspel og spørsmål skulle sendast til leiar i forkant av møta. Leiar vil samordne alle innspel og sende dei vidare til sekretariatet. Sekretariatet vil kontakte rådmannen og be om skriftlege svar eller at rådmannen deltar i neste kontrollutvalsmøtet for å svare munnleg.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.06.20:

Vindafjord kontrollutval har drøfta korleis samhandlinga mellom medlemmene i utvalet skal vera.

Utvalet ønskjer at sekretæren orienterer i neste møte om handsaming av innspel til kontrollutvalet, med døme frå Suldal.

Utvalet var samd om å sende innspel og spørsmål til leiar i forkant av møta. Leiar vil samordne innspela og sende dei til sekretariatet. Sekretariatet vil kontakte rådmannen og be om svar/informasjon.

YMSE

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Neste møte: onsdag 09.09.20, kl. 15.00

Ølen/Aksdal, 16.06.20

Kristian H. Resset
Kontrollutvalsleiar

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	09.09.20	17/20

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 09.09.20

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker 26 – 31 blir tatt til orientering.

Saksvedlegg:

- 26. Statusrapport pr. september 2020
- 27. Oversikt over kostnadene til kontroll og tilsyn pr. september 2020
- 28. Protokoll frå representantskapsmøte i Haugaland Vekst IKS 12.06.20
- 29. Protokoll frå representantskapsmøte i HIM IKS 27.05.20
- 30. Protokoll frå representantskapsmøte i Interkommunalt Arkiv Rogaland IKS 10.06.20
- 31. Kontrollutvalget kan kreve at kommunedirektøren stiller på møte - Kommunal Rapport

Saksorientering:

Sakene blir lagde fram for kontrollutvalet til orientering.

Aksdal, 02.09.20

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær



Statusoversikt september 2020 - kontrollutvalet

Saker frå bestilling til handsaming i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
Risiko- og vesentlegvurderingar	20.11.19	150 timar	Under utarbeiding	09.09.20	
Planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll	20.11.19		Under utarbeiding	04.11.20	
Økonomistyring innanfor helse og omsorgstenesta	27.05.20	100 timar	Under utarbeiding	04.11.20	
Selskapskontroller					
Andre saker					

Saker under politisk handsaming eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Handsama i KU	Handsama av KST	Planlagt oppfølging	Merknader
Rus- og psykiatritenesta	21.11.18	02.10.19	19.11.19	09.09.20	6 tilrådingar
Selskapskontroller					

Avslutta prosjekter

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Handsama i KU	Handsama i KST	Følgd opp i KU/KST	Merknader
IKT og informasjons-tryggleik	22.11.17	12.09.18	31.10.18	08.05.19/ 28.05.19	Avslutta
Samhandlingsreforma	16.11.16	13.09.17	31.10.17	25.04.18/ 29.05.18	Avslutta
Ny personvernlov	25.04.18	12.09.18			Orientering frå rådmann
Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020	02.12.15	02.05.16	24.05.16		
Selskapskontroller					
Plan for selskapskontroll 2016-2020	02.12.15	02.05.16	24.05.16		

Økonomirapport for kontrollutvalet, t.o.m. august 2020

Tal per 31. august

	Budsjett hittil	Rekneskap hittil	Avvik	Budsjett 2020
1100 Revisjon				
Kjøp av varer og tenester som inngår i komm.tenesteproduksjon	336	0	336	500
Kjøp av tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon	296 184	215 410	80 775	444 451
Overføringar	73 304	53 852	19 452	110 004
Refusjonar (overføringar med krav til motyting)	-73 304	-53 852	-19 452	-110 004
Sum	296 520	215 410	81 111	444 951
1102 Kontrollutval				
Lønn inkl. sosiale utgifter	37 331	23 897	13 434	59 153
Kjøp av varer og tenester som inngår i komm.tenesteproduksjon	28 656	22 833	5 823	42 996
Kjøp av tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon	148 500	153 750	-5 250	198 000
Overføringar	-	308	308	-
Refusjonar (overføringar med krav til motyting)	-	308	308	-
Sum	214 487	200 480	14 007	300 149

**Innkalling til møte i representantskapet
for Haugaland Vekst IKS**

DATO/TID: Tirsdag 12.06.20

STED: TEAMS-møte

TID: 11.30-12.00

Sakliste:

Sak 05/20: Valg av møteleder

Sak 06/20: Godkjenning av innkalling og dagsorden

Sak 07/20: Behandling av årsregnskap 2019

Sak 08/20 Fastsettelse av styrehonorar

Saksdokumentene til sak 07/20 og 08/20 ettersendes.

Vibeke Vikse Johnsen
styreleder

K. Tormod Karlsen
adm.dir.



PROTOKOLL FRA MØTE 27.05.20 I REPRESENTANTSKAPET HAUGALAND INTERKOMMUNALE MILJØVERK IKS

Møtet ble holdt på Toraneset Miljøpark 27. mai 2020 fra kl. 15.00–16.45.

Følgende representanter møtte:

Bokn	Egil Våge
Bokn	June Grønnestad
Etne	Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim
Etne	Kenneth Lyng Karlsen – på Teams fra sak 20.04
Haugesund	Astri Furumo
Haugesund	John W. Pettersen
Haugesund	Karoline Sjøen Andersen
Haugesund	Arne Trygve Løvvik
Tysvær	Sigmund Lier
Tysvær	Sven Ivar Dybdal
Vindafjord	Ole Johan Vierdal
Vindafjord	Tove Elise Olsen Frøland

Dessuten møtte:

Arild Karlsen	Styreleder i HIM
Trond Kampen	Økonomi- og administrasjonsleder i HIM
Gro Staveland	Adm.dir. i HIM

Dokumentasjon av fremmøte ble gjort ved navneopprop.

Innkalling

Evt. merknader til innkallingen

Ingen merknader til innkallingen.

Valg av møteleder og protokollfører

Astri Furumo ble valgt som møteleder og Gro Staveland ble valgt som protokollfører.

Valg av 2 representanter til å underskrive protokollen i tillegg til møteleder

Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim og Sven Ivar Dybdal ble valgt.

Godkjenning av sakslisten

Sakslisten ble godkjent.

Referat- og orienteringssaker:

20.01 Protokoll fra møte i representantskapet 27.11.19

Signert protokoll fra møtet 27.11.19 ble tatt til etterretning

20.02 Orientering om HIM pr mai 2020 ved Gro Staveland

Orienteringen ble tatt til etterretning.

20.03 Orientering om regnskap 2019, årsmelding og andre nøkkeltall ved økonomi- og administrasjonsleder Trond Kampen

Orienteringen ble tatt til etterretning.

Vedtakssaker:**20.04 Årsmelding og regnskap 2019 – Enstemmig vedtak**

Representantskapet godkjenner årsmelding med regnskap og noter for 2019 slik den er lagt frem i digital årsmelding;

20.05 Valg av styre i HIM 2020-2022 – Enstemmig vedtak

Representantskapet vedtar valgnemndas forslag til styremedlemmer, styreleder, nestleder og varamedlemmer.

Medlem	Personlig varamedlem	Kommune
Arild Karlsen	Åge Opheim	Vindafjord
Natalia Kondarewicz	Johanne Halvorsen Øveraas	Haugesund
Tonny Nundal	Marianne Eidesvik	Haugesund
Harald L. Lønning	Jo Inge Hagland	Haugesund
Henry Edgar Sørensen	Hilde K. Håland	Tysvær
Sara Marie N. Håland	Lars Olav Bergsvåg	Etne
Ann Jeanette S. Olaussen	Emilie Moi Eikje	Bokn

- Styreleder: Arild Karlsen
- Nestleder: Natalia Kondarewicz

Representantskapet viser til KS sine anbefalinger, og henstiller til at eierkommunene ved revidering av sine eierstrategier vurderer sammensetning av styre/styrerepresentanter ved neste valg i HIM i tråd med KS sine anbefalinger.

Eventuelt

- i) Representantskapet henstiller til at ordførerne i eierkommunene drøfter forpliktende samarbeid mellom HIM og Karmøy kommune med ordfører i Karmøy og gir signaler tilbake til leder av representantskapet og styreleder i HIM.
- ii) Administrasjonen i HIM ble bedt om å informere bredt om at mobil innsamling som ble utsatt i vår pga. smittevern hensyn ikke blir gjennomført før til høsten.



Astri Furumo

Møteleder og leder i representantskapet


Sven Ivar Dybdal
RepresentantMette Heidi Bergsvåg Ekrheim
Representant

PROTOKOLL

10. juni 2020 ble det avholdt møte i representantskapet ved Interkommunalt Arkiv i Rogaland IKS, digitalt via Microsoft Teams

SAKSLISTE:

01/20	Godkjenning av møteinnkalling og saksliste
02/20	Valg av leder og nestleder av representantskapet
03/20	Valg av referent og to representanter til å underskrive protokollen
04/20	Godkjenning av regnskap 2019
05/20	Godkjenning av årsmelding 2019
06/20	Godkjenning av budsjett og tilskuddsberegning for 2021
07/20	Godkjenning av økonomiplan for perioden 2021-2024
08/20	Valg av styre for 2020/21
09/20	Valg av valgkomite for 2020/21
10/20	Endring av selskapsavtalen
11/20	Innkomne saker

DELTAKERLISTE:

Kjetil Slettebø	Bjerkreim kommune
Leif Erik Egaas	Eigersund kommune
Torill Hallsjø	Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS
Morten Meland	Haugesund kommune
Kirsten Hansson	Hjelmeland kommune
Sjur Håland	Hå kommune
Jostein Karlsen	IVAR IKS
Morten Vea	Karmøy kommune
Siri-Mona Damsgård	Klepp kommune
Stian Giil Bjørsvik	Kvitøy kommune
Hogne Skjerpe	Lund kommune
Per Arne Nyvoll	Randaberg kommune
Björg Riska Josefsen	Sandnes kommune
Tone Storesund	Sauda kommune
Viktor Vestbøstad Støle	Sokndal kommune
Torstein Hauge	Sola kommune
Marie Stokka	Strand kommune
Øyvind Valen	Suldal kommune
Gjert Bjerkevoll	Time kommune
Kristin Helle	Tysvær kommune
Marte Eide Klovning	Utsira kommune
Stina Hetland Golf	Vindafjord kommune

- Styret:** Jon Ola Syrstad (leder)
Tone M. Haugen
Beate Bøe (ansattes representant)
- Andre** Ole Tom Guse (leder av representantskapet)
Lin Øiesvold (leder av valgkomiteen)
Tor Ingve Johannessen (daglig leder)
Monica H. Tungland (administrasjonskonsulent/referent)

MØTET SATT: Kl. 10:00

MØTEBEHANDLING:

- Sak 01/20 Godkjenning av møteinnkalling og saksliste**
Møteinnkalling og saksliste ble godkjent.
- Sak 02/20 Valg av leder og nestleder av representantskapet**
Valgkomiteens innstilling var som følger:
Leder Jostein Karlsen, IVAR IKS
Nestleder Leif Erik Egaas, Eigersund kommune

Valgkomiteens innstilling ble godkjent uten merknader.
- Sak 03/20 Valg av referent og to representanter til å underskrive protokollen**
Monica Hodnefjell Tungland ble valgt til referent. Torstein Hauge, Sola kommune
Stina Hetland Golf, Vindafjord kommune ble valgt til å undertegne protokollen.
- Sak 04/20 Godkjenning av regnskap 2019**
Regnskapet og årsberetningen ble godkjent uten merknader.
- Sak 05/20 Godkjenning av årsmelding for 2019**
Årsmelding ble godkjent uten merknader.
- Sak 06/20 Godkjenning av budsjett og tilskuddsberegning for 2021**
Budsjett og tilskudd ble godkjent uten merknader.
- Sak 07/20 Godkjenning av økonomiplan for perioden 2021-2024**
Økonomiplanen ble godkjent uten merknader.
- Sak 08/20 Valg av styre for 2020/2021**
Valgkomiteens innstilling var som følger:
Leder Tone M. Haugen, Randaberg kommune
Nestleder Gro Anita Trøan, Eigersund kommune
Styremedlem Alf Magne Grindhaug, Karmøy kommune
Styremedlem Sigurd Eikje, Tysvær kommune
1. Varamedlem Lisa Reime Helgeland, Hå kommune
2. Varamedlem Ole Bernt Torbjørnsen, Haugesund kommune
3. Varamedlem Annette Bokneberg, Bokn kommune
4. Varamedlem Ørjan Daltveit, Bjerkreim kommune

Beate Aasen Bøe er valgt som de ansattes representant i styret.

Valgkomiteens innstilling til styre for 2020/2021 ble godkjent uten merknader.

Sak 09/20

Valg av valgkomité for 2020/2021

Styrets innstilling til valgkomité:

Lin Øiesvold, Rogaland fylkeskommune (leder)

Kirsten Hansson, Hjelmeland kommune

Morten Meland, Haugesund kommune

Styrets innstilling til valgkomité for 2020/2021 ble godkjent uten merknader

Sak 10/20

Endring av selskapsavtalen

De foreslåtte endringene i selskapsavtalen ble godkjent uten merknader.

Sak 11/20

Innkomne saker

Ingen innkomne saker.

MØTE HEVET: Kl. 10.50

Stavanger 10. juni 2020

Ole Tom Guse
Representantskapets leder

Torstein Hauge
Medundertegner

Stina Hetland Golf
Medundertegner

Monica H. Tungland
Referent

PUBLISERT 17.08.2020 10:11

Kommunal Rapport

Kontrollutvalget kan kreve at kommunedirektøren stiller på møte

Når har kommunedirektøren rett til å legge fram sitt syn for kontrollutvalget?

SPØRSMÅL: I hvilke typer saker som kontrollutvalget skal behandle, har kommunedirektøren rett til å uttale seg?

SVAR: I kommuneloven [§ 23–5](#) første setning har vi en bestemmelse der det fastslås som alminnelig regel at kontrollutvalget skal «rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget». Denne bestemmelsen sier ikke noe om hvor ofte slike rapporteringer skal foretas, men tar i utgangspunktet sikte på mer generell og oversiktspreget rapportering med ikke for lange mellomrom, minst én gang i året. Nærmere bestemmelser om hva det skal gis uttalelse om her, er gitt i kontrollutvalgs- og revisjonsforskriften, se dennes §§ 3 og 4.

I kommuneloven § 23–5 andre setning er det så en bestemmelse om at «I saker som skal oversendes til kommunestyret eller fylkestinget, skal kommunedirektøren gis anledning til å uttale seg før kontrollutvalget behandler saken.» Etter sin plassering tar denne regelen sikte på de rapporter som er omtalt i første setning.

Det er altså ved behandlingen av disse kommunedirektøren skal anmodes om å uttale seg, og bestemmelsen må forstås slik at her skal kommunedirektøren gis anledning til å møte i utvalget og legge fram sitt syn.

Denne bestemmelsen må imidlertid ikke leses «antitetisk» – altså slik at det bare er ved behandling av disse rapportene at kommunedirektøren kan eller skal gis anledning til å uttale seg.

For andre saker for kontrollutvalget er riktignok det alminnelige utgangspunktet at kommunedirektøren ikke har *rett* til å møte og delta i kontrollutvalgets møter, se [§ 13–1](#) femte avsnitt, men i [§ 23–1](#) tredje avsnitt er fastsatt at utvalget kan kreve at kommunen eller fylkeskommunen legger fram enhver opplysning, redegjørelse eller dokument som utvalget finner nødvendig for å utføre sine oppgaver, og foreta de undersøkelser det finner nødvendig.

Det betyr at kommunedirektør eller andre i administrasjonen kan innkalles til å møte for utvalget, eller bli bedt om å avgi en skriftlig redegjørelse.

Det er i utgangspunktet utvalget som kan kalle inn tilsatte eller be om en skriftlig redegjørelse fra dem – når dette anses «nødvendig».

Men utvalget har en alminnelig plikt å påse at en sak er forsvarlig utredet før det tar stilling til den. Det betyr at utvalget har et selvstendig ansvar for å vurdere om det her er behov for ytterligere informasjon som tilsier at enten kommunedirektøren selv eller en av hennes underordnede blir bedt om å gi en redegjørelse eller å møte for utvalget.

Men dette er altså ikke en rett for kommunedirektøren eller andre tilsatte til å møte for utvalget, bare en konsekvens av utvalgets generelle utredningsansvar overfor kommunestyret eller fylkestinget.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	09.09.20	18/20
Kommunestyret		

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «RUS- OG PSYKIATRITENESTA»

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak og innstilling til kommunestyret:

Vindafjord kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av revisjonsrapporten om «Rus- og psykiatritenesta» til orientering.

Saksvedlegg: tilbakemelding frå rådmannen med 10 vedlegg, motteke 26.08.20

Bakgrunn:

Vindafjord kommunestyre vedtok samrøystes i møtet 19.11.19, sak 85/19 følgjande:

1. *Vindafjord kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Deloitte AS sin rapport om «Rus- og psykiatritenesta» og tek denne til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine 6 tilrådingar.*
3. *Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

Føremålet med forvaltningsrevisjonen var å undersøke om Vindafjord kommune har eit tilfredsstillande tilbod om tenester til personar med psykiske vanskar og/eller rusproblem. Undersøkinga omhandla også i kva grad kommunen i tilstrekkeleg grad sikrar brukarmedverknad på både individ- og systemnivå.

Revisjonen hadde følgjande tilrådingar:

1. *Sikrar at dokument som skildrar ansvar og oppgåver er oppdaterte i samsvar med forskrift om leing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta*
2. *Ferdigstiller rutinar for koordinerande eining*
3. *Sikrar at kommunen sine rutinar knytt til psykiatri og rustenesta*

- a. viser til kva krav i regelverket dei er meint å ivareta
 - b. omtaler kva kommunale einingar som kan vere aktuelt å involvere og når i høve til brukargruppa, til dømes NAV eller pleie- og omsorgstenesta
 - c. omtaler kva rolle NAV har, og når tenestene skal vise brukarar vidare til NAV
 - d. omhandlar korleis personar som kjem i akutt bustadkrise skal følgjast opp vidare for å sikre at behov blir ivareteke
 - e. tydeleg omhandlar korleis brukarmedverknad skal sikrast ved tildeling og evaluering av tenester
 - f. omhandlar når kommunen skal tilby miljøtenester
4. Etablerer oversikt over kompetanse innan psykiatri og rusområdet, behov for opplæring hos enkeltmedarbeidarar, kva kompetansebehov eininga har behov for no og i framtida, og utarbeider ein plan for korleis kompetansebehov skal sikrast mellom anna for å førebu kommunen i høve til rusreforma
5. Går nærmare i dialog med brukarane og/eller deira representantar for å
 - a. undersøke nærmare kva koordinering brukarane saknar i tenestene og vurdere om det er hensiktsmessig å sette i verk tiltak
 - b. innhente tilbakemeldingar omkring oppfølgingstenester dei meiner å ha meir behov for og kva som blir oppfatta som god og tilstrekkeleg oppfølging etter opphald på DPS
 - c. få innspel til korleis kommunen på best mogleg måte kan informere om kommunen sitt tilbod innan rus og psykiatri
6. Sikrar at midlertidig butilbod er organisert slik at bebuarane kan oppretthalde relasjonar og sosialt nettverk mv. jf. rundskriv til sosialtenestelova § 27

Oppfølging/tilbakemelding

Vedlagt saka er rådmannen si tilbakemelding som blei motteke av sekretariatet 26.08.20. Rådmannen har punktvis gjort greie for korleis kvar av dei seks tilrådingane har blitt følgt opp.

Rådmannen skriv vidare at i tillegg til dei 6 områda revisjonen tilrådde at kommunen skulle sjå nærare på, så har kommunen og eininga også godt inn i sjølve rapporten og sett på einskilde punkt som revisjonen har stilt spørsmål ved og prøvd å forbetre desse.

I dei 10 vedlegga frå rådmannen er det gjort greie for ulike prosedyrar, rutinar og retningslinjer.

Sekretariatet sine kommentarar

I følgje kommunelova § 23-2 bokstav e og forskrift for kontroll og revisjon § 5, ligg det til kontrollutvalet å sjå til at forvaltningsrevisjonar blir følgt opp. Dette for å sikre at kontrollen får effekt og bidrar til forbetringar. Utvalet skal også rapportere til kommunestyret korleis merknadene er følgt opp.

Det ligg ikkje til kontrollutvalet å fastsette korleis administrasjonen skal følge opp påviste avvik/manglar i det konkrete tilfellet, då dette er rådmannen sitt ansvar.

Kontrollutvalet kan også rapportere om tidlegare saker til kommunestyret dersom kontrollutvalet meiner saker ikkje er følgt opp på ein tilfredsstillande måte.

Dette synes ikkje være aktuelt i denne saka. Tilbakemeldinga frå rådmannen viser at tilrådingane er følgt opp, forbetringstiltak er sett i verk og det er lagt planar for vidare oppfølging.

Aksdal, 02.09.20

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

Rådmannen

Haugaland Kontrollutvalssekretariat IKS
Postboks 57

5575 AKSDAL

Dato: 11.06.2020
Vår arkivsakID: 18/2674
Dykkar referanse:
Sakshandsamar: Yngve Folven Bergesen

Tilbakemelding til kontrollutvalet- Forvaltningsrevisjon Rus- og psykiatritenesta

Det vert vist til Forvaltningsrevisjon Rus- og psykiatritenesta, som vart handsama i møte i kontrollutvalet 02.10.19 og i Kommunestyret 19.11.2019, med følgande vedtak:

1. Vindafjord kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Deloitte AS sin rapport om «Rus- og psykiatritenesta» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine 6 tilrådingar.
3. Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Tilrådingane det vert vist til i vedtakspunkt 2 er følgande tilrådingar frå Forvaltningsrevisjonen:

På bakgrunn av funn og vurderingar i undersøkinga vil revisjonen tilrå at Vindafjord kommune:

1. Sikrar at dokument som skildrar ansvar og oppgåver er oppdaterte i samsvar med forskrift om leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta
2. Ferdigstiller rutinar for koordinerande eining
3. Sikrar at kommunen sine rutinar knytt til psykiatri og rustenesta
 - a. viser til kva krav i regelverket dei er meint å ivareta
 - b. omtaler kva kommunale einingar som kan vere aktuelt å involvere og når i høve til brukargruppa, til dømes NAV eller pleie- og omsorgstenesta
 - c. omtaler kva rolle NAV har, og når tenestene skal vise brukarar vidare til NAV
 - d. omhandlar korleis personar som kjem i akutt bustadkrise skal følgjast opp vidare for å sikre at behov blir ivareteke
 - e. tydeleg omhandlar korleis brukarmedverknad skal sikrast ved tildeling og evaluering av tenester
 - f. omhandlar når kommunen skal tilby miljøtenester
4. Etablerer oversikt over kompetanse innan psykiatri og rusområdet, behov for opplæring hos enkeltmedarbeidarar, kva kompetansebehov eininga har behov for no og i framtida, og utarbeider ein plan for korleis kompetansebehov skal sikrast mellom anna for å førebu kommunen i høve til rusreforma
5. Går nærmare i dialog med brukarane og/eller deira representantar for å
 - a. undersøke nærmare kva koordinering brukarane saknar i tenestene og vurdere om det er hensiktsmessig å sette i verk tiltak
 - b. innhente tilbakemeldingar omkring oppfølgingstenester dei meiner å ha meir behov for og kva som blir oppfatta som god og tilstrekkeleg oppfølging etter opphald på DPS

- c. få innspel til korleis kommunen på best mogleg måte kan informere om kommunen sitt tilbod innan rus og psykiatri
6. Sikrar at midlertidig butilbod er organisert slik at bebuarane kan oppretthalde relasjonar og sosialt nettverk mv. jf. rundskriv til sosialtenestelova § 27

Vindafjord Kommune si oppfølging:

Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine 6 tilrådingar.

Som ei oppfølging av punkt 2 i vedtaket frå Kommunestyret 19.11.19, har Vindafjord kommune, Eining Rus og psykiatri gått gjennom dei 6 tilrådingane som revisjonen påpeikar:

1. Sikrar at dokument som skildrar ansvar og oppgåver er oppdaterte i samsvar med forskrift om leing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta
 - tenesta har korrigert og revidert delegeringsskjema til avdelingsleiarane som det vart kommentert i punkt 3.3.1.2. Ein har korrigert datoar og oppdatert innhald.
 - tenesta har hatt ein gjennomgang av alle dokument/prosedyrar for å sikre at det er rett lovheimel/forskrift på dei. Dette arbeidet vert tatt med vidare når dokument vert revidert og nye vert laga.
2. Ferdigstiller rutinar for koordinerande eining
 - koordinerande eining har forbetra og utarbeida ferdige rutinar for koordinerande eining
 - sjå vedlegg 9
3. Sikrar at kommunen sine rutinar knytt til psykiatri og rustenesta
 - a. viser til kva krav i regelverket dei er meint å ivareta
 - tenesta har gått igjennom rutinar som er laga og sjekka at de samsvarer med regelverket/lovverket. Dette er ein kontinuerlig prosess som krev oppfølging framover.
 - b. omtaler kva kommunale einingar som kan vere aktuelt å involvere og når i høve til brukargruppa, til dømes NAV eller pleie- og omsorgstenesta
 - c. omtaler kva rolle NAV har, og når tenestene skal vise brukarar vidare til NAV

- Punkt b. og c. – det er laga eit eige dokument som beskriv dette

- sjå vedlegg 1

 - d. omhandlar korleis personar som kjem i akutt bustadkrise skal følgjast opp vidare for å sikre at behov blir ivareteke
 - det er laga eit eige dokument som beskriv dette
 - sjå vedlegg 2
 - e. tydeleg omhandlar korleis brukarmedverknad skal sikrast ved tildeling og evaluering av tenester
 - ivaretaking av brukarmedverknad er nå skildra i fleire dokument m.a. i «Tenestestandard» at :
 - tenesta er individuelt tilpassa
 - brukarmedverknad
 - gjennomføre brukarundersøking i eit tidsintervall på 2-4 år
 - brukarråd/ allmøte
 - FIT – tilbagemeldingsverktøy
 - individuell plan/ ansvarsgruppemøte

- sjå vedlegg 3

- f. omhandlar når kommunen skal tilby miljøtenester
 - det er laga eit eige dokument som omhandlar miljøteneste
 - sjå vedlegg 4
- 4. Etablerer oversikt over kompetanse innan psykiatri og rusområdet, behov for opplæring hos enkeltmedarbeidarar, kva kompetansebehov eininga har behov for no og i framtida, og utarbeider ein plan for korleis kompetansebehov skal sikrast mellom anna for å førebu kommunen i høve til rusreforma
 - i kommunen sitt interne system har ein oversikt over kompetansen til dei tilsette i psykisk helse og rus, rutine er nå endra i samband med at alle tilsette kontinuerlig skal legge inn endring i kompetansen sin, samt informere avdelingsleiar. – Leiinga har tilgang til denne oversikta.
 - kompetansebehov og planlegging av tenestene for eininga blir vurdert saman med rettleiande lege, avd. leiar og einingsleiar, og blir tatt med budsjetthandsaming.
 - veileidarar frå Helse- dir. blir lagt til grunn for vurdering /endring av kompetansebehov i kommunen.
 - kompetansebehov blir tatt opp i medarbeidersamtaler, i avdelingsmøter og i kvardagen mm.
 - ved utlysing av ledige stillingar, blir det drøfta i lag med tillitsvald, veileidarar blir lagt til grunn, kva slag kompetanse ein har behov for.
 - sjå vedlegg 5, for rutine
- 5. Går nærmare i dialog med brukarane og/eller deira representantar for å
 - a. undersøke nærmare kva koordinering brukarane saknar i tenestene og vurdere om det er hensiktsmessig å sette i verk tiltak.
 - informasjon blir innhenta i dialog med den einskilde brukar, brukarråd og brukarundersøking
 - det er planlagt ein brukarundersøking hausten 2020 for brukarar av tenesta- den er utarbeida internt i eininga for å få inn dei punkta som er nemnt i rapporten
 - b. innhente tilbakemeldingar omkring oppfølgingstenester dei meiner å ha meir behov for og kva som blir oppfatta som god og tilstrekkeleg oppfølging etter opphald på DPS
 - informasjon blir innhenta i dialog med den einskilde brukar, brukarråd og brukarundersøking
 - samarbeidsmøter med DPS
 - c. få innspel til korleis kommunen på best mogleg måte kan informere om kommunen sitt tilbod innan rus og psykiatri
 - informasjon blir innhenta i dialog med den einskilde brukar, brukarråd , dialog med brukarorganisasjonar og brukarundersøking
- 6. Sikrar at midlertidig butilbod er organisert slik at bebuarane kan oppretthalde relasjonar og sosialt nettverk mv. jf. rundskriv til sosialtenestelova § 27
 - I punkt 4.4.2 stiller revisjonen spørsmål ved om tilbodet i kommunen ivaretek krav om rundskriv til sosialtenestelova og §27 om midletidig butilbod. Bustaden blei kort tid etter at revisjonen var gjennomført, flytta frå Bjoa til Skjold og kommunen meiner nå at kravet vert innfridd.

I tillegg til dei 6 områda revisjonen tilrådte at kommunen skulle sjå nærare på, så har kommunen og eininga også godt inn i sjølve rapporten og sett på einskilde punkt som revisjonen har stilt spørsmål ved og prøvd å forbetre desse:

Punkt 3.5.1.3 :

- det er nå lagt inn link til samtykkeskjema og søknadsskjema i prosedyren « Nye pasientar », slik at dei er lett tilgjengeleg.

- i same punkt er det også satt spørsmål i forhold til kva for andre kartleggingsskjema ein kan bruke, det er nå skrevet inn i prosedyren.

Punkt 4.3.1.1:

- i informasjonsbrosjyrane til tenestene var det ikkje informasjon om kommunen sine nettsider, brosjyrane er nå revidert og ein har lagt inn link til og informasjon om nettsidene til kommunen.

Punkt 4.3.1.2:

- i skjemaet « Førstegongssamtale» - ligg det nå inne kor ein finn samtykkeskjema, dette var kommentert av revisjonen at mangla.

Punkt 4.3.2:

- revisjonen kommenterte: «brukarrepresentanten vil oppmoda kommunen om å be om innspel frå brukarane med omsyn til korleis ein på ein best mogleg måte kan informere om tilbodet»- dette blir tatt opp i brukarrådet og i grupper der fleire brukarar er samla.
- revisjonen meinte også at tenestene til NAV burde komme tydlegare fram på psykisk helse og rus sine nettsider – det er nå lagt inn link til Nav sine sider.

Punkt 5.3.1

- revisjonen kommenterte at dokumentet «Tildeling av tenester» ikkje viser til kriterium for vurdering av behov eller korleis brukarmedverknad skal ivaretakast.
- dokumentet er revidert og skrive slik praksis for vurderingar er, sjå vedlegg 8
- Søknad eller samtale med brukar
- Symptomtrykk/liding
- Inntak vert gjort ein gong i veka på fagmøte for sjukepleiarane
- IPLOS blir lagt til grunn
- Henvisningane blir også gått i gjennom med rettleiande lege. Det er møte med han kvar 14 dag

Punkt 5.3.1

- revisjonen kommenterer at i dokumentet « Førstegongssamtale» ikkje er lagt inn stikkord til kva type tenester eller hjelpebehov søkjaren har.
- Dokumentet er nå revidert og det er lagt inn spørsmål:
- « Kva er viktig for deg, kva slags hjelp treng du» « Dagsenter, individuell oppfølging
- sjå vedlegg 6

Punkt 5.3.1

I dokumentet: «Nye pasientar», revisjonen viser til at det ikkje er vist til styrande regelverk, vedtak eller liknande

Lagt inn: Heimel: Helse og omsorgstjenesteloven §§ 3-1 andre ledd og 4-1.

Sjå vedlegg 7

Punkt 5.3.1

I rapporten skriv revisjonen. «I retningslinjer for administrativ tildelingsnemnd står det at sakshandsamar ved bustadkontoret har kartleggingssamtale med søker før eventuell tildeling av bustad. Det er ikkje vist til kva som er innhaldet i samtalanene eller om det er utarbeidd sjekklistar eller likande for dette formålet. Retningslinjene viser ikkje til kvar tildelingskriterium for bustad er å finne.»

- Administrativ tildelingsnemnd har gått igjennom kriteria og laga følgande prosedyre
- sjå vedlegg 10
- tildelingskriterium ligg på nettsidene til kommunen : <https://www.vindafjord.kommune.no/sosiale-tenester/kommunal-bustad/tildeling-av-kommunal-bustad-omsorgsbustad.352465.aspx>

På bakgrunn av revisjonen sine tilrådingar er det gjort ein del forbetringar av prosedyrane og det er også laga nye dokument, for å få disse implementert i avdelingane vil ein framover gå igjennom sjølve revisjons rapporten og dei endringane som er gjort i lag med dei tilsette i fagmøter og avdelingsmøter i tida framover.

Med helsing

Yngve Folven Bergesen
Rådmann

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Vedlegg:

Vedlegg 1 Innvolvere andre tenester

vedlegg 2 Akutt bustadkrise

Vedlegg 3 Tenestestandard

Vedlegg 4 Miljøteneste

Vedlegg 5 Prosedyre Kompetanse

Vedlegg 6 Førstegongssamtale

Vedlegg 7 Nye pasientar

Vedlegg 8 Tildeling av tenester

Vedlegg 9 Koordinerande eining

Vedlegg 10 Retningslinjer Administrativ tildelingsnemnd



Involvere andre tenester

Gjeld pas./brukar i psykisk helse og rus

Retningslinjer for kva tid det er naturleg å involvere andre kommunale tenester.

Pleie og omsorg/heimeteneste.

- Dersom ein har behov for hjelp til personleg hygiene. Påkledning morgonstell ,dusj osv.
- Dersom ein har behov for utdeling av medisinar meir enn 2 gonger pr. veke. Det kan vera dagleg, eller fleire ganger pr dag.
- Dersom ein har behov for sårstell.
- Dersom ein mistenker demensutvikling.

Praktisk bistand.

- Dersom ein ikkje klarar å halde husvære i vanleg stand. Dvs at det hopar seg opp med rot ,skit, skittent tøy, kan ein søke om PB.
- Det skal først prøvast med miljøarbeid med tanke på at brukar kan vera med i arbeidet , og oppnå læring og meistring.

NAV.

I økonomiske saker.

- Dersom ein har vanskar med å styre økonomi, kan ein få frivillig forvaltning. Hjelp til styring av økonomi ein periode for å komme på rett kjøl.
- Økonomisk sosialhjelp. NAV kan hjelpe til å sjå om ein har rett på bistand økonomisk. T.d viss ein har vanskar med å betale strøm, husleige ,eller anna.
- NAV kan vurdere inntektsgrunnlaget, og gje veiledning om ein har rett på andre ytingar
- Psyk helse og rus kan vera pådrivar til at ein kan søke om AAP (arbeidsavklaringspenger)dersom ein er psykisk sjuk , og ikkje har sjukepengar. Dette skjer i samarbeid med fastlegen.

Tilbod om kurs og arbeidspraksis.

- NAV har oppfølging av sjukmelde og personar med AAP . Det er ofte eit samarbeid med psykisk helse og rus og fastlegen om desse. Det blir heile tida vurdert om ein skal tilbake i arbeid, prøva nytt arbeid eller tenke uførhet.
- NAV kan bruke spesielle verksemder i ei arbeidsevnevurdering t.d Haugaland Industri, ASKI og Fretex .
- NAV har tilbod om mange forskjellige kurs som kan hjelpe ein på vegen tilbake til arbeid.

Dersom vi ser at brukar er i ein slik situasjon som beskrive øve, i samråd med brukar tar ein kontakt med NAV



Dokumenttype:	Revideres av:	Dokumentnummer:	Versjon:	Prosess:
Prosedyre	Gerd Skumsnes Sørhus	RMKS-9-3801	3.0	Psykisk helseteneste, -vaksne

Akutt bustadkrise

Heimel: Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltningen § 27

Gjeld brukarar i psykisk helse- og rus.

Retningslinjer for korleis vi følgjer opp og ivaretar personar som kjem i akutt bustadkrise.

Jfr.

- Dersom ein person er i ei akutt bustadskrise, kan vi bistå med å kontakte NAV som disponerer krisebustad i en periode på inntil 3 månader. Krisebustad er fullt møblert, og kan flyttast rett inn i. Dersom krisebustaden er opptatt, er det mulighet for at NAV kan bistå økonomisk med rom på Ølen Gjestegård i ein kort periode.
- Vi vil at personer forsøker å skaffe bustad på det private markedet i første omgang, og vi kan bistå ved å følge med på bustadmarkedet, og hjelp til å kontakte utleigarar.
- Dersom ikkje personen har mulighet å skaffe bustad på det private markedet, kan vi bistå med å søke kommunal bolig. Søknadsskjema fins på kommunens heimeside.
- Vi følger personar i akutt bustadkrise tett opp så lenge det er behov og i samråd med brukar



TENESTESTANDARD FOR RUS OG PSYKISK HELSETENESTE

1.	1 Tenesteområde for standard	• Psykisk helse og rus for personar over 18 år.
2.	2 Kjenneteikn på brukargruppa	• menneske med alvorleg psykisk liding med behov for langvarig oppfølging og koordinering av ulike tiltak • menneske med moderat psykisk liding som har behov for behandling over tid • menneske i krise eller med psykiske belastningar som har behov for hyppig og kortvarig oppfølging • pårørende til psykisk sjuke • menneske med rusliding • menneske med samtidig rusliding og psykisk liding
3.	3 Mål for tenesta	• at tenesta er fagleg god • at tenesta er tilgjengeleg • at tenesta er prega av samarbeid, respekt, likeverd og medansvar • at tenesta er individuelt tilpassa • brukarmedverknad • gjennomføre brukarundersøking i eit tidsintervall på 2-4 år • brukarråd/ allmøte • FIT – tilbakemeldingsverktøy • individuell plan/ ansvarsgruppemøte
4.	4 Hjelp som tenesta femner om.	• Individuell behandling • Individuell plan - IP • Veiledning til psykisk sjuke og pårørende • Hjelp til medisinhandtering. Dvs.utdeling av multidose etter skriftleg avtale mellom brukar, lege og sjukepleiar, og utførelse depotinjeksjonar • Oppfølging og observasjon av føreskrive medikamentell behandling • Miljøterapi i heimen • Inn på Tunet • Fysisk aktivitet; trening og turgrupper • Aktivitetstilbud på dagsenter • Støttekontakt • Døgnbemanna bustader
5.	5 Tenesta skal ha ein slik standard	• Det blir gjort kartlegging og vurdering av hjelpebehov • Ved behov for langvarig psykisk helseteneste blir det gjort individuelt vedtak ut frå kva behovet er. • funksjonsvurdering i IPLOS som vert evaluert ved endringar • Rustenesta er lågterskel og gjer ikkje vedtak • Faste fagmøter mellom veiledande lege og psyk.sjukepleiarar/ruskonsulentar • Kontinuerleg sikre kompetanseheving hos dei tilsette
7.	7 Søknad /sakshandsaming	• du skal søkja på fastlagt skjema som du får

		ved å venda deg til Rus og Psykisk helseteneste, tenestekontoret eller på Vindafjord kommune si heimeside på internett • alle som søker vert kontakta innan 14 dagar • før vedtaket vert fatta vil tenesteytar saman med brukar, evt. pårørande eller hjelpeverge kartlegge behov og omfang av tenesta • ved behov for vidare tenester får du tilsendt eit enkeltvedtak • evt. klage på vedtaket kan sendast kommunen innan 3 veker etter motteke vedtak
8.	Tenesteytar	• helse- og sosialfagleg utdanning pr. tidspunkt: sjukepleiar, med spesialutdanning i psykiatri /geriatri • hjelpepleiar og omsorgsarbeidar, med spesialutdanning i psykiatri/rus • aktivitørar (forming og aktivitetsutdannelse) • ruskonsulentar
9.	Merknader	• legg vekt på brukarmedverknad • Rus og psykisk helseteneste er gratis • dei som nyttar aktivitetstilbudet på dagsenteret betalar ein eigenandel for mat og skyss



Dokumenttype:	Revideres av:	Dokumentnummer:	Versjon:	Prosess:
Prosedyre	Gerd Skumsnes Sørhus	RMKS-9-3802	2.0	Psykisk helseteneste, -vaksne

Miljøteneste

- Pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1 a og 3-1.
- Helse- og omsorgstenesteloven § 3-2 første ledd nr. 6 bokstav b. ledd

Kven kan få miljøteneste?

Miljøteneste er for dei som har, eller har hatt, utfordringar med rusmiddel/psykisk liding, og som har behov for oppfølging og veiledning.

Kva gjer miljøtenesta?

Miljøtenesta ønsker å gi råd og veiledning om utfordringar ein har i kvardagen. Det kan til dømes vere oppfølging og veiledning i dagleg innkjøp, praktiske gjeremål i heimen og planlegging av kvardagen. Vi kan støtte deg på avtaler med for eksempel lege, sjukehus og NAV.

Miljøtenesta ønsker å hjelpe i førebuing før behandlingsopphald eller soning, halde kontakten mens ein er borte og hjelpe til å planlegge kva som skal skje når ein kjem tilbake til kommunen.

Mål:

Vårt mål er å bidra til at du skal klare til å meistre kvardagen, oppnå sjølvstende og livskvalitet i kvardagen.

Vårt overordna mål er å motivere til ønske om ein betre fungerande kvardag.



Prosedyre på kartlegge kompetanse og utarbeide kompetanseplan

- Alle tilsette skal legge inn kompetansen sin i Enterprise, dette gjeld formell kompetanse, videreutdanning og kurs
- Ved ledig stilling skal det gjerast ein evaluering om kva kompetanse ein har behov for, i lag med tillitsvalte, avd. leiar og einingsleiar.
- Kompetansebehov blir tatt opp i medarbeidarsamtaler, i avdelingsmøter mm
- Kompetansebehov må vurderst opp mot dei til ein kvar tid førande lover og rettleiarar frå Helse dir.
- Kompetanseplanar skal utarbeidast årleg, og må leggest inn i budsjetthandsaminga



Førstegongssamtale

Dette spørsmålsarket er meint som ei rettleiing når ein tek imot ein ny pasient. Det er ikkje nødvendig å følgja slaviks, men det er greitt viss ein kan få gjennomgått dette i løpet av dei første gongene.

1. Navnet på pasienten. Adresse, tlf., og personnr 11 siffer viss ein ikkje har det på førehand.
2. Namn, tlf. og adresse til næraste pårørande. Fastlege.
3. Har vedkomande barn. Alder på barna, og om pas. er bekymra for dei. Gi informasjon om barne og familierettleiarar.
4. Familieforhold. Gift, skilt, einsleg..... Litt om oppvekst og forhold til foreldre og søsken. Er det andre nære omsorgspersonar?
5. venner / sosial fungering.
6. Buforhold.
7. Skulegong og utdanning.
8. Økonomi. Inntektskilde som: lønn, trygd, arbeidsavklaringspenger, sjukemelding osv.
9. Arbeidsforhold og tidlegare arbeidsforhold. Har det vore stabilt eller mykje skifting.
10. Forhold til rusmidler som alkohol, medikamenter eller andre rusmidler.
11. Sjukehistorie. (viss det fins)
12. Sjølvskading
13. Vold og trusler, sjølvopplevd, vite til.
14. Kosthold
15. Søvn og døgnrytme
16. Aktuelt problem nå/situasjon. (dette blir ofte nevnt i henvisningen)
17. Kva er viktig for brukar, kva slags hjelp treng brukar? Dagsenter, individuell oppfølging mm?
18. Interesser og hobbyar.
19. Aktivitet
20. Forhold til ektefelle/sambuar – seksualliv.
21. Suicidalitet
22. Husk samtykke/skjema – ligger på Risk, Samtykkeerklæring- felles skjema for fleire einingar i kommunen



Nye Pasientar Sjekkliste

Heimel: Helse og omsorgstjenesteloven §§ 3-1 andre ledd og 4-1.

Ein skal registrere pas. i cos.doc. Opprette teneste, skrive beslutningsdato, og ta IPLOS ved første samtale. På hovudkortet må ein også registrere fastlege. Alt dette gjeld både adm. enhet 24 og 27.

Søknadsskjema Følgjande link : https://www.vindafjord.kommune.no/_f/p11/i0b3bf653-b35d-4738-a799-29ea60fce4cd/soknad-om-kommale-helse-og-omsorgstenester.pdf

Samtykkeerklæring – ligg på Risk- Søk Samtykkeerklæring

Dersom det blir bestemt at kontakten blir over lang tid skal dette gjerast:

- Koordinerande sjukepleiar fyller ut søknadsskjema for kartlegging av hjelpebehov i lag med pasienten, evt. andre aktuelle kartleggingsskjema, for eksempel MADRS og BDI (ligg papir kopier, vaktrom) med underskrift av koordinerande sjukepleiar og pasienten.
- Ved vidare oppfølging skal det skrivast ein samanfating i 240 i cos doc og levere søknad til tenestekontoret
- Det må også bestemmast OBS dato for vurdering av tenesta.
- Tenestekontoret skannar søknaden.

Dagsenter og Miljøarbeid i heim, og Støttekontakt skal også registrerast som tenester.

IPLOS-vurdering

Alle skal IPLOS-vurderast ved inntakssamtale og ved endring i behov, elles kvar 6. månad

Individuell Plan

Alle med samansette og langvarige tenester skal få tilbod om IP og koordinator.

Tiltak:

Legge IP inn på Cos-Doc årshjulet, ved inntak. Skrive IP i lag med pasient/pårørende evt. Hjelpeverge.

Dei som ikkje ynskjer IP – skrive dette inn på merknadsfeltet på hovudkortet.

Medisinansvar

Overføre medisinansvar frå brukar til psykisk helseteneste dersom brukar ikkje klarer dette sjølv. Brukar kjem då inn i ordninga med Multidose.

Tiltak:



Tildeling av tenester

Heimel:

- Pasient- og brukerrettighetsloven §§ 2-1 a og 3-1 andre ledd.
- Helse og omsorgstjenesteloven §§ 3-1 andre ledd og 4-1.

Søknader:

- Alle søknader/henvisningar skal rettast til avdelinga: Psykisk helseteneste.
- Søknader frå fastlege, DPS, NAV og andre offentlige instanser skal vera skriftlege.
- Pasienten sjølv og pårørande kan ta direkte kontakt. Søknadskjema blir fylt ut i etterkant.
- Skriftlege søknader skal stemplast med dato når dei blir tatt imot.

Inntaksteam/ Vurdering av behov

- Søknad eller samtale med brukar
- Symptomtrykk/liding
- Inntak vart gjort ein gong i veka på fagmøte for sjukepleiarane.
- IPLOS blir lagt til grunn
- Henvisningane blir også gått i gjennom med veiledande lege. Det er møte med han kvar 14 dag

Sakshandsamar er ansvarleg for vedtaksskriving. Kvar enkelt sjukepleiar skal opprette kontakt med søkjar innan 14 dagar etter mottatt søknad/henvisning.

Ved førstegangssamtale vil det bli gjort ei vurdering av kva behov søkjaren har og kva tilbod me kan gi.

Det kan vera 2 tilsette med på førstegangssamtalen dersom ein føler seg usikker på vurderinga. Dersom søkjaren har barn, skal ein ha som vane at ein frå familieteamet er med på tredje samtale. Dei kan då presentera kva familieteamet kan tilby av hjelp.

Mandat:

